



Friheim øverst i dalen er ein av tre kandidatar til å vinna Kulturlandskapsprisen for Hordaland for dette året. Kurt Eivind og Bjørg Inga Miljeteig vil eventuelt få prisen som ei påskjønning fordi dei har teke vare på kulturlandskapet. Dei andre kandidatane er Lars Johan Omvik og Gunnar Henning Bakka i Omvikdalen.

Kulturlandskapsgruppa i fylket har oppsøkt kandidatane for å få meir informasjon og har registrert at paret på Friheim har lagt ned eit utruleg stort arbeid for å utvikla og utvida gardsdrifta, Prisen er på 50 000 kroner.

Paret har Friheim Gardsmat der dei mellom anna produserar fleire slags pølse og pinnekjøtt og dei har planlagt utviding av hjorteprodukt og fått lovnad om støtte frå Innovasjon Norge. Dermed blir dei først i Noreg med slik produksjon.

Over lagar Kurt Eivind pølse medan Bjørg Inga syner fram pinnekjøttet sitt under.

